

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 02.12.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1	Fylkesrådmannen tilrår eit samarbeid med Bergen Kommune om reguleringsarbeidet på Seimsmyrane slik at det vert tatt omsyn til eit framtidig vgs-tilbod i tilknytning til ungdomsskulen. Det vidare reguleringsarbeidet og ny bydelsplan vil avgjere om Seimsmyrane er den best eigna lokaliseringa i Arna.
2	Eit 8-13-samarbeid skal avgjerast etter at reguleringsarbeidet på Seimsmyrane er avslutta.
3	Eit 8-13-samarbeid på Seimsmyrane skal utgreiast vidare med Bergen kommune innanfor ramma av følgjande samarbeidsmodellar: <ol style="list-style-type: none">1. Samlokalisering: Skuleeigarar som no, ulike bygg for grunnskule og vidaregåande opplæring i felles nærområde.2. Sambruk: Skuleeigarar som no, men samarbeidsavtale om bygg med funksjonar i fellesskap som til dømes kantine, spesialrom, fellesrom.3. Samorganisering: Felles bygg og felles opplæringsverksemd gjennom samarbeidsavtale mellom kommune og fylkeskommune. Arbeidsgjeveransvar som no, men samarbeid om kompetanse (disponering av personalet og kompetanseutvikling).4. Forsøk med 8-13-skule med <u>ein</u> felles skuleeigar og arbeidsgjever for både grunnskule og vidaregåande opplæring.